



Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/497 - 18/3595

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
06.03.2018

Byggesak gbnr 88/85 Sæbø ytre - bedehus - riving - trong for tilleggsopplysningar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.03.18.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må opplysast om søknaden gjeld rammeløyve eller eit-trinnsløyve.
2. Det må leggjast ved gjennomføringsplan, jf. SAK § 5-3.
3. Det må leggjast ved erklæring om ansvarsrett, inkludert ansvarsrett for miljøsantering og avfallsplan om bygningen som skal rivast har eit areal på meir enn 100 kvm BRA, jf. TEK §§ 9-6 og 9-7.
4. Det må leggjast ved nabovarslingsdokument, evt førespurnad om unntak frå nabovarsling, jf. pbl. § 21-3. Kommunen gjer merksam på at ved riving skal også eventuelle panthavare varslast, jf. pbl. § 21-3.
5. Det må leggjast ved opplysningar om areal for bygning som skal rivast (BRA).
6. Det må leggjast ved opplysningar om byggeår for bygning som skal rivast.
7. Søknaden må signerast av tiltakshavar, jf. pbl. § 21-2. Det er vedlagt eit følgjebrev frå tiltakshavar datert 01.03.17 som er signert, og som kunne oppfylt kravet til signatur, men det er ikkje mogleg for kommunen å tolke kva tiltak følgjebrevet omhandlar:

Riving av Elinv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 06.04.18**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Terje J Ledahl AS

Nordnesveien 21

5005

BERGEN